

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

23/2844-4

15. juni 2023

## Klage på forkasting av listeforslag – Raudt

Kommunal- og distriktsdepartementet viser til klage datert 25. mai 2023 frå Raudt ved Ingrid Cecilie Overå og Anne-Marie Overå på Hareid valstyre sitt vedtak 22. mai 2023 om å forkaste listeforslaget til Raudt. Klagen er seinare supplert med eitt nytt avsnitt og éi ny underskrift frå Marius Tødenes Erstad.

### Innhaldet i klagen

Det blir i klagen understreka at listeforslaget hadde nok kandidatar ved innleveringsfristen. Sidan to av kandidatane fekk fritak, måtte listeforslaget supplerast med minst éin ny kandidat. Dette blei gjort 16. mai 2023, dvs. etter fristen som var sett til 12. mai 2023.

Klagarane nemner fleire forhold dei meiner gir valstyret grunnlag for å gjere om på vedtaket og godkjenne listeforslaget til Raudt.

### *Misforståing av frist og forhandling med tillitsvalde om å bringe lista i samsvar med lova*

Her blir det peikt på at forseinkinga hadde sin grunn i ei misforståing i kva som var fristen. Det tek dei tillitsvalde i Raudt på si kappe. Raudt sine tillitsvalde opplevde ikkje at det var forhandling med dei tillitsvalde for å bringe listeforslaget i samsvar med lova. Valstyret fekk dessutan i møtet der listeforslaget blei forkasta, informasjon om at kandidaten som var tilført listeforslaget, var valbar, og at listeforslaget var i samsvar med vallova.

### *Manglande ettersending av saksdokumentasjon*

Det blir òg peikt på at dokumentasjon om at Raudt hadde supplert lista si med ein ny kandidat ikkje blei ettersendt til valstyret. Dette gav ikkje valstyret eit fullstendig grunnlag for å behandle saka.

### *Manglande kunngjering av saksdokumenta med innstilling*

Saksdokumenta vart ikkje kunngjorde før møtet i valstyret, slik reglement for folkevalde organ i Hareid krev. Dei vart òg sendt til Raudt sine tillitsvalde først etter møtet i valstyret. Dette har verka inn på Raudt sitt høve til å klargjere saka i forkant av møtet i valstyret.

### *Spørsmål om lik behandling*

I klagen blir det vidare peikt på at valstyret gjorde endringar på listene etter fristen for å rette på listene ved valet i 2019.

### **Behandlinga i valstyret**

Valstyret i Hareid kommune behandla klagen i møte 31. mai 2023. Valstyret fatta følgjande vedtak:

*Valstyret avslår klagen frå Raudt om å gjere om på vedtaket om å forkaste lista deira til kommunevalet 2023.*

*Grunngjeving: Det har ikkje kome inn vesentlege nye opplysningar i klagen som gjer det aktuelt å gjere om på vedtaket.*

*Klagen blir sendt vidare til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg handsaming.*

I saksframlegget til møtet i valstyret står det mellom anna:

#### **Om fristen**

*Dei tillitsvalde for alle listene fekk i god tid til å bu seg på fristen. Melding om fristen, med grunngjeving for dato-valet, blei sendt ut 21. april med emnefelt «Informasjon om frist for å rette eventuelle feil på listene». På det tidspunktet hadde ikkje fristen for å søkje fritak gått ut (2. mai), men Raudt hadde allereie då mista dei to kandidatane. Noko dei tillitsvalde blei informert om 11. april. I same melding fekk dei beskjed om at lista stod i fare for å bli forkasta på grunn av for få kandidatar.*

(...)

#### **Om manglande forhandling med dei tillitsvalde**

(...)

*Klagar viser til at valansvarleg ikkje hadde aktiv dialog med dei tillitsvalde. Her kan det sjå ut som om klagar har misforstått kva som ligg i omgrepet «forhandlingar» som er brukt i lovteksten. Enkelt forklart betyr det at valansvarleg (etter delegering) skal ha kontakt med dei tillitsvalde og informere dei om lovkrav, gi beskjed om kva som må rettast og korleis, og om fristar for retting.*

*Det har valansvarleg gjort med alle listene. Raudt-lista var ein av listene det har vore mest kontakt med.*

(...)

### **Om manglande ettersending av dokumentasjon**

*Det er korrekt at valstyret fyrst blei informert om den nye kandidaten under møtet. Årsaka er enkelt og greitt at valansvarleg hadde avslutta arbeidsveka si før langhelga då erklæringa frå den nye kandidaten blei levert. Det var berre tilfeldigheter som gjorde at tillitsvalde trefte på valansvarleg då ho kom.*

(...)

*Det er heller ikkje det at informasjonen kom seint til valstyret som var argument for å avvise lista i godkjenningmøtet. Det var at lista var ufullstendig og at informasjonen som kunne rette denne feilen, blei levert for seint frå dei tillitsvalde.*

*Dette ville vore essensen i saka uavhengig om valstyret hadde fått ettersendt kandidaten 16. mai. Fristen var på det tidspunktet allereie brote.*

(...)

### **Om manglande kunngjering**

*Det er korrekt at sakspapira ikkje blei kunngjort på innsynsportalen før etter møtet i valstyret. Det er klart uheldig, men ikkje essensielt for denne saka.*

(...)

*Uansett, tillitsvald for Raudt blei informert munnleg då ho overleverte erklæring frå den nye kandidaten om at sakspapira var sendt ut, at innstillinga var negativ for deira del, årsaka til det, men at valansvarleg skulle leggje fram den nye kandidaten for valstyret når valbarheit var sjekka og at dei då måtte ta stilling til om dei ville sjå bort frå fristbrotet.*

*Dei tillitsvalde visste derfor om essensen i saka og hadde alle moglegheiter til å klargjere saka, noko dei gjorde i brev til valstyret 21. mai.*

(...)

### **Om manglande likehandsaming med 2019**

*Dei tillitsvalde viser til listehandsaminga i 2019 og vedtaket i valstyret då listene blei godkjend den gong. Då peiker dei på at valstyret godtok endringar etter fristen.*

*I dette vedtaket retta valstyret på to feil.*

*1. Valstyret retta kinstilhøyrigheit på to kandidatar. Dette er ein rein faktaoppretting av feilskrivning då det blei oppdaga feil i møtet.*

*2. Påføring av kinstilhøyrigheit på Høgre-lista. Her kan ikkje valansvarleg hugse om det var tekniske eller menneskelege feil som gjorde at det ikkje stod på lista i utgangspunktet.*

(...)

*Begge feila som tillitsvalde for Raudt meiner er å sjå bort frå frist, kan sjåast på som retting av feil på allereie innsendt informasjon. Dei er derfor ikkje samanliknbare med feilen å ikkje sende inn naudsynt informasjon innan frist.*

*Sidan dei tillitsvalde tek opp korleis valstyret handsama fristar i 2019, er det verdt å nemne at når det kom til for seint innlevert informasjon, var valstyret like strenge då, som no. I 2019 leverte den eine av dei som no er tillitsvalde for Raudt-lista, ei liste som gav seg ut frå å vere frå Miljøpartiet Dei Grøne. Denne lista blei avvist av valstyret då naudsynt informasjon kom inn etter fristen.*

(...)

### **Merknader frå departementet**

Klage med krav om endring av valstyre sitt vedtak om å godkjenne eller forkaste eit listeforslag, må setjast fram innan sju dagar etter at overskriftene på dei godkjende vallistene har blitt offentleggjort. Klagen er satt fram i tide. Alle med stemmerett har klagerett i den kommunen der dei er manntalsførte, sjå vallova § 13-2 første ledd samanhalde med § 6-8. Klagarane har klagerett.

I denne saka fekk to kandidatar fritak frå å stå på lista til Raudt. Partiet måtte derfor føre på minst éin kandidat til for at listeforlaget skulle kunne godkjennast. I e-post 21. april 2023 fekk dei tillitsvalde for listene beskjed om at alle rettingar og nye kandidatar måtte sendast kommunen innan 12. mai 2023.

Det er fleire reglar om fristar i vallova. Slik departementet ser det, er det sentrale spørsmålet i denne saka om valstyret kan sette ein frist som dei tillitsvalde må halde dersom dei ønskjer å sette inn nye kandidatar som følgje av at ein kandidat blir stroke frå eit listeforslag.

Valforskrifta § 15 inneheld føresegner om kva for endringar ein tillitsvald kan gjere på listeforlaget etter innleveringsfristen. Det følgjer av andre ledd at «[h]vis en kandidat strykes fra listeforlaget, avgjør den tillitsvalgte om det skal settes inn et nytt navn på den tomme plassen, eller om de etterfølgende kandidatene skal rykke opp i uforandret rekkefølge og suppleres med et nytt navn nederst». Ordlyden i føresegna fastset ikkje nokon frist for dei tillitsvalde til å supplere listeforlaget i ein situasjon der ein kandidat blir stroke frå listeforlaget. Det peiker i retning av at dei tillitsvalde kan gjere dette heilt fram til valstyret tar stilling til om listeforlaget skal godkjennast.

Dersom det er manglar ved listeforlaget ved innleveringa, og dei tillitsvalde kjem med supplerande opplysningar, vil det kunne vere mykje informasjon som valmyndighetene må kontrollere før valstyret kan ta stilling til om listeforlaget kan godkjennast. Det vil dermed være behov for å sette ein frist for å rette opp manglane. Situasjonen er noko annleis når det gjeld å erstatte kandidatar som blir stroke frå et listeforslag. Her vil det gjennomgåande vere snakk om få kandidatar som må kontrollerast. Behovet for å sette ein frist for slike situasjonar er dermed ikkje like stort.

Eit anna moment er at dersom ein kandidat til dømes døyr etter ein frist som valstyret har sett for å erstatte kandidatar som blir stroke frå listeforslaget, kan det etter departementet si vurdering ikkje vere tvil om at denne kandidaten kan erstattast.

Departementet har vore noko i tvil om valmyndigheitene kan sette ein bindande frist for dei tillitsvalde til å supplere listeforslaget etter valforskrifta § 15 andre ledd. Departementet har komme til at dersom valmyndigheitene set ein slik frist, kan han ikkje vere bindande for dei tillitsvalde. Listeforslaget til Raudt skulle derfor ha vore godkjent.

Departementet finn på denne bakgrunn ikkje grunn til å gå nærare inn på dei ulike momenta som blir tatt opp i klagen.

Valmyndigheitene i Hareid kommune synest å meine at vallova § 6-6 tredje ledd gjeld i dette tilfellet. Departementet vil presisere at vallova § 6-6 tredje ledd etter ordlyden regulerer situasjonen der listeforslaget «*ved innleveringa*» ikkje er i samsvar med krava i vallova. Listeforslaget frå Raudt hadde nok kandidatar ved innleveringa. Situasjonen til Raudt fell derfor ikkje inn under denne føresegna i lova.

### **Konklusjon**

Klagen frå Raudt ved Ingrid Cecilie Overå, Anne-Marie Overå og Marius Tødenes Erstad blir tatt til følgje. Vedtaket til departementet er endeleg og kan ikkje bringast inn for domstolane, sjå vallova § 13-2 fjerde ledd tredje punktum.

Med helsing

Siri Dolven (e.f.)  
avdelingsdirektør

Jan Morten Sundeid  
fagdirektør

*Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar*

Kopi

Hareid kommune

Adresseliste

Anne-Marie Overå  
Ingrid Cecilie Overå